

Anna Wathne

Fra: Lena Hellevik
Sendt: fredag 21. desember 2018 14.19
Til: Anna Wathne
Emne: VS: Uttale - Oppstartsmelding - Osterøy - Del av gnr 95 bnr 5 - Saltverket næringsområde - Fotlandsvåg - Detaljregulering

BikubeActivity: Postjournal
BikubeMailId: cfa800e6-6733-4367-a2fe-d9127e20de00
BikubeProjectName: Kontordrift Bergen
BikubeProjectNumber: 8783
BikubeSent: 0

Til deg?

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no <fmhopostmottak@fylkesmannen.no>
Sendt: 21. desember 2018 14:17
Til: Kunngjøring Bergen <Kunngjoring_Bergen@asplanviak.no>
Kopi: post@osteroy.kommune.no
Emne: Uttale - Oppstartsmelding - Osterøy - Del av gnr 95 bnr 5 - Saltverket næringsområde - Fotlandsvåg - Detaljregulering

Osterøy kommune gnr. 95 bnr. 5 - Saltverket næringsområde - Planid 12532018001 - uttale til oppstart av reguleringsplan

Dykkar referanse: 618743

Vi viser til dykkar brev av 04.12.2018 med melding om oppstart av planarbeid.

Formålet med planarbeidet er å regulere eigedomen til næring/industri med justering av tilkomstveg.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Fylkesmannen vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst

like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Klima og energi

Kommunen skal i planlegginga si stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt økt miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet forberedast på og vert tilpassa klimaendringane (klimatilpassing), jf. statlege planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Vi viser også til dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging. Der vert det peika på at kommunane skal legge vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.

Vi viser også til miljødirektoratet si nettside www.klimatilpassing.no der ein finn aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

Naturmangfald

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med venleg helsing

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
kommunal- og samfunnsplanavdelinga

tlf: 55 57 23 52

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)

Anna Wathne

Fra: Thuy-Duong Thi Vu
Sendt: fredag 21. desember 2018 13.40
Til: Anna Wathne; Lena Hellevik
Emne: VS: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Saltverket næringsområde - PlanID 12532018001 - Osterøy kommune

Denne var til deg Anna.

God jul!

Fra: Lena Hellevik
Sendt: fredag 21. desember 2018 13.32.29
Til: Thuy-Duong Thi Vu
Emne: VS: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Saltverket næringsområde - PlanID 12532018001 - Osterøy kommune

Til deg?

Fra: Otnes Toralf <toot@nve.no>
Sendt: 21. desember 2018 13:20
Til: Bergen <Bergen@Asplanviak.no>
Kopi: Kunngjøring Bergen <Kunngjoring_Bergen@asplanviak.no>
Emne: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Saltverket næringsområde - PlanID 12532018001 - Osterøy kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 04.12.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndighet innenfor saksområdene flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområdene skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagnstillar har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon og skred

God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggt teknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Dersom det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

Med helsing

Toralf Øtnes

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: toot@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Thuy-Duong Thi Vu [<mailto:thuyduong.vu@asplanviak.no>]

Sendt: tirsdag 4. desember 2018 08.34

Til: fotlandsvaag.grendaraad@hotmail.com; firmapost@bof.no; hfk@post.hfk.no; firmapost@bkk.no; NVE <NVE@nve.no>; kabelnett@telenor.com; bir@bir.no; marton.ulstein@osteroyindustri.no; Postmottak@fiskeridir.no; post@kystverket.no; mail@dirmin.no; grete.birkelid@osteroy.kommune.no; postmottak@mattilsynet.no; mykingjr@frisurf.no

Emne: Varsel om oppstart av detaljregulering for Saltverket næringsområde, Fotlandsvåg, Osterøy kommune

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 blir det med dette varsla oppstart av detaljregulering Saltverket næringsområde – Fotlandsvåg, planID 12532018001.

Planen medfører, etter kommunen si førebelse vurdering ikkje krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova.

Forslagsstillar er Jojac AS. Plankonsulent er Asplan Viak AS.

Føremål med planarbeidet

Hovudføremålet er å regulera eigedomen til næring / industri med justering av tilkomstveg frå FV567. Eit delmål er også å regulera området i tråd med eksisterande og tiltenkt bruk og slik sett foredra arealdelen til kommuneplanen som har planlagt området meir overordna.

Det skal i utgangspunktet leggjast til rette for 4 utbyggingstomtar. Planlagde bygningar skal innehalde handverk, lager og industri med tilhøyrande kontor og funksjoner som parkering, uteareal, renovasjon osv. Køyretilkomst planleggjast frå FV567 og vil ta høgde for eventuelle behov for oppgradering av sjølve avkøyringa. Det blir lagt opp til

at eksisterande tilførselsvei i området blir sanert og re-etablerast vestanfor. Det planleggjast også ein eiga ny avkøyring/tilkomstveg for vestlegaste tomta.

Gjeldande planstatus

I gjeldande kommuneplanens arealdel (2011-2023) er området satt av til «noverande» og «framtidig næringsbygningar».

Det er ingen gjeldande eller pågåande reguleringsplanar for området.

Planområdet inngår i nyleg vedtatt strandsoneplan for Osterøy kommune. Føringer frå denne er innarbeida i både kart og føresegner til kommuneplanens arealdel og får ikkje konsekvensar for planområdet.

Planavgrensing

Planområdet omfattar deler av eigedomen gnr. 95, bnr. 5 ved Osterøyvegen 2514. Arealet er ca. 33 dekar. I samråd med kommunens saksbehandlar er det vurdert som tilstrekkelig å regulere berre deler av eigedomen som ligg nord for fylkesvegen. Plangrensen mot sør er foreløpig satt i vegkant, men vil bli justert noe når eigedomsforholda mot fylkesvegen er avklart.

Planens verknader

Det er ei målsetnad å minimera skjeringar i området, for å tilpasse seg landskap og omgjevnader. Planområdet er lite eksponert pga. høgda/kollen i aust og sidan det ligg nedanfor fylkesvegen i vest. Det blir lagt opp til grøn buffersoner mot sjø som vil redusera verknaden mot sjø.

Nabobygningar og tilgrensande trafikkareal kan bli råka av planarbeidet, og det er eit mål at planarbeidet skal få til ein god tilpassing til desse. Mellom anna vil betra tilkomstvegar i området vera positivt for naboar.

Planarbeidet skal ivareta samfunnsikkerheit, og det vil bli utarbeida risiko- og sårbarheits-analyse i vidare planarbeid. Foreløpig aktuelle emne er skredfare og handtering av overvatn. Trafikktryggleik vil og bli vurdert, internt i område og i høve til fylkesvegen.

Merknader og innspel

Grunneigarar, naboar, offentlege og private høringsinstansar blir skrivne til direkte eller på e-post. Merknader til planoppstart i form av synspunkt, opplysningar eller forslag som kan ha innverknad på planarbeidet bør kome fram så tidleg som mogleg.

Frist for å kome med merknader og innspel til planarbeidet er sett til 5. januar.2019.

Merknader og fråsegn til planoppstart kan sendast til:

Asplan Viak AS, Pb. 2304 Solheimsviken, 5824 Bergen. Att: Anna Wathne eller på e-post:

kunngjoring_bergen@asplanviak.no

Spørsmål til planarbeidet kan rettast til Asplan Viak AS v/ Anna Wathne, tlf. 481 71 410 / e-post

anna.wathne@asplanviak.no

Alle skriftlege merknader og fråsegner blir lagt ved når forslag til plan blir sendt inn til kommunen for sakshandsaming og vedtak om offentleg høyring. Det vil og bli høve til å kome med merknader til sjølve planforslaget når dette blir lagt ut på høyring.

Varsel om oppstart, varselkart og notat frå oppstartsmøtet med Osterøy kommune vil til opplysing ligge ute på nettsidene til Asplan Viak AS i merknadsperioden: <https://www.asplanviak.no/kunngjoringer/>

Med vennlig hilsen

 asplan viak

Thuy-Duong Thi Vu
By- og arealplanlegger
Plan og urbanisme

T: 454 18 194

E: thuyduong.vu@asplanviak.no

Asplan Viak AS
Fabrikkgaten 3
Postboks 2304 Solheimsviken
5824 Bergen
T: 417 99 417
www.asplanviak.no



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Asplan Viak AS
Postboks 2304 Solheimsviken
5824 BERGEN

Dato: 04.01.2019
Vår ref: 18/04027-2
Deres ref:

Uttalelse til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Saltverket næringsområde, Fotlandsvåg i Osterøy kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) viser til ovennevnte sak, datert 4. desember 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har et særlig ansvar for at mineralressurser blir ivaretatt i plansaker.

Om planen

Hensikten med planarbeidet er å regulere eiendommen gnr. 95, bnr. 5 ved Osterøyvegen til næring / industri med justering av tilkomstveg fra FV567.

Uttalelse fra DMF

DMF kan ikke se at det foreslåtte planområdet berører registrerte forekomster av mineralske ressurser eller masseuttak. DMF har derfor ingen merknader til varsel om oppstart.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på www.dirmin.no.

Vennlig hilsen

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleder

Åshild Grønlien Østmoe
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Åshild Grønlien Østmoe



Mottakere:

Asplan Viak AS

Postboks 2304 Solheimsviken

5824 BERGEN

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN



Statens vegvesen

Asplan Viak AS – Bergen
Postboks 2304
5824 BERGEN

Behandlende enhet: Region vest Saksbehandler/telefon: Lars Ottar Sagstad / 55516434 Vår referanse: 18/265912-2 Deres referanse: 618743-01 Vår dato: 07.01.2019

Svar på varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Saltverket næringsområde – Fotlandsvåg PlanID 12532018001 – Osterøy kommune

Statens vegvesens ansvar i planarbeidet er først og fremst knyttet til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Til denne planen uttaler vi oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.

OPPSTART

Statens vegvesen ber generelt om at følgende tema blir tatt hensyn til i reguleringsprosesser:

- Plassering og utforming av nødvendige tiltak knyttet til riksveg/ fylkesveg (kryss, avkjørsler, bussholdeplasser, tilbud til myke trafikanter m.m.)
- Forholdene for myke trafikanter mellom varslet planområde og nærliggende målpunkt (f.eks. bussholdeplasser, skole m.m.)
- Byggegrense til riksveg/fylkesveg
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegtegninger i henhold til Statens vegvesens håndbøker


Når det gjelder samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, er god tilrettelegging for gang-, sykkel- og kollektivtrafikk viktig for å nå målet om at veksten i persontransporten i Bergen skal skje med disse transportformene. I dette planarbeidet vil vi særlig framheve behovet for god tilrettelegging for bruk av sykkel, blant annet i form av sykkelparkering med enkel tilkomst og av høy kvalitet (bl.a. skjermet mot tyveri og regn). Planarbeidet bør ha som ambisjon å tilrettelegge for sykkel vesentlig utover minimumskravene i kommuneplanens arealdel. Når det gjelder parkeringsplasser for bil, bør det vurderes om antallet kan være lavere enn minimumskravet i kommuneplanen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Oppsummering:

Staten vegvesen oppfordrer til å ta med hele eiendommen i detaljregulering slik at fylkesvegen blir en del av planen.

Plan- og forvaltning Bergen

Med hilsen

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

ASPLAN VIAK AS
Postboks 24
1301 SANDVIKA

Dato: 15.01.2019
Vår ref.: 2018/17089-7
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Att. Thuy-Duong Thi Vu

Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Saltverket næringsområde - Fotlandsvåg - Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 04.12.2018 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Saltverket næringsområde, Fotlandsvåg. Hovudføremålet er å regulera eigedomen til næring / industri med justering av tilkomstveg frå FV567. Eit delmål er også å regulera området i tråd med eksisterande og tiltenkt bruk og slik sett foredra arealdelen til kommuneplanen som har planlagt området meir overordna. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til «noverande og framtidig næringsbygning». Kommunen har ikkje vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Ros, Klimatilpassing og energi

Oppstartsmeldinga skildrer at planarbeidet skal ivareta samfunnstryggleik, og at det vil bli utarbeida risiko- og sårbarheits-analyse i det vidare planarbeidet. Foreløpig aktuelle emne er skredfare og handtering av overvatn. Vi stiller oss positive til at planforslaget identifiserer dette som viktige problemstillinger i det vidare planarbeidet.

Ved all utbygging nær sjølina er det viktig å gjere vurderingar knytt til framtidens klima, og forventa endringar på stormflo og havnivåstiging. Vi kan vise til [Klimaprofil Hordaland](#) for ytterlegare informasjon og råd for planlegging til eit endra klima. I tillegg viser vi til Kartverket sitt nye kartverktøy for havnivåstignig: <https://www.kartverket.no/sehavniva/data-pa-se-havniva/om-se-havniva-i-kart/>

Endringar i klima med meir totalt nedbør og meir intenst nedbør vil og auke utfordringar med handtering av overvatn. I utbyggingsområde vil naturlege avrenningsvegar og vegetasjonsmessege fordrøyningar endras eller fjernas, noko som kan ha stor effekt på overvassituasjonen. Det er difor svært viktig at det allereie frå tidleg planlegging rettas eit særleg fokus på korleis overvatn skal handteras i planområdet.

Vi oppmodar vidare om at gode og miljøvenlege energiløysingar blir nytta. Vi syner forøvrege til kap. 5.3 i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 for retningsliner for planlegging.

Landskap Arkitektur og estetikk

Planarbeidet har som målsetnad å minimera skjeringar i området, for å tilpasse seg landskap og omgjevnader. Planområdet er lite eksponert pga. høgda/kollen i aust og sidan det ligg nedanfor fylkesvegen

i vest. Det blir lagt opp til grønne buffersone mot sjø som vil redusere verknaden mot sjø. Det er bra at dette vert eit fokus i planarbeidet.

All utbygging har som kjend verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Vi ber om at ein har særleg omsyn arkitektur, materialval og terrenginngrep i prosessen vidare.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til varsla oppstart av detaljregulering for Saltverket næringsområde, Fotlandsvåg. Planområdet omfattar deler av gbnr. 95/5 ved Osterøyvegen 2514. I gjeldande kommuneplanens arealdel (2011 – 2023) er området sett av til noverande og framtidig næringsbygningar. Det er ingen gjeldande eller pågåande reguleringsplanar for området. Planområdet inngår i den nyleg vedtekne strandsonen for Osterøy kommune (2018 – 2027). Føringar frå den er innarbeidd i kart og føresegner til kommuneplanens arealdel.

Hovudføremålet med planarbeidet er å regulere eigedomen til næring/industri med justering av tilkomstveg frå FV567. Eit delmål er å regulere området i tråd med eksisterande og tiltenkt bruk. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Nyare tids kulturminne

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi gjer særskilt merksam på industrielle og teknologihistorisk viktige kulturminne knytt til saltverket, magnesiumfabrikken og kraftoverføringa (trafostasjonar, master og kraftlinjer) frå Herlandsfoss kraftverk. Selskapet *A/S De norske saltverker* vart skipa i 1918, mellom anna med Christian Michelsen som ein av innbydarane. Selskapet ville bygga ein fabrikk som skulle produsera grov salt med bruk av elektrisk kraft til fordamping av sjøvatn. Nærleiken til Herlandsfoss kraftverk gjorde at Saltverket vart plassert i Fotlandsvåg.

Sjølv om saltverket aldri kom i produksjon, kunne ein hauste av utviklingsarbeidet som var gjort i samband med etableringa. Kring 1919 hadde dei norske ingeniørane Finn Jeremiassen og Cay Roll-Hansen oppfunne ein ny krystalliseringsprosess, som første gong nytta krystalliseringsteori i ein teknisk samanheng. Krystalliseringsspatenta til Saltverket i Fotlandsvåg vart seinare overteke av A/S Krystall i Oslo, - kalla Oslo-krystallisatoren – og den er framleis i bruk. Magnesiumfabrikken som vart etablert i Fotlandsvåg produserte elektriske kokeplater etter Christian Backer sin patent fram til 1923, då Pyrox i Bergen overtok.

Magnesiumfabrikken er eit godt døme på industri som leverte produkt nytta i moderne, elektriske hushaldningsartiklar.

Automatisk freda kulturminne

Det er ikkje automatisk freda kulturminne i planområdet i våre arkiv. Planområdet femnar om areal i sjø og saka er slik og sendt til Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering av marine kulturminneverdiar.

Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Under opparbeiding av feltet bør ein elles søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkeskommeunen vil understreke at det er viktig at kommunen lagar ein kulturminneplan, og at omsynssoner blir teke med i dette arbeidet. Dette er i samsvar med dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging, vedtekne i 2015, der kommunane har hovudansvaret for å identifisere,

verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål. Kulturminneplanen vil vere eit godt grunnlag for å styrke forvaltninga av kulturminne i kommunen.

Samferdsel

I detaljreguleringa skal det takast høgde for eventuelle behov for oppgradering av avkøyrsla til fv 567. Plangrensa må justerast i samband med dette behovet slik at avkøyrsla inngår i planområdet. Det må og takast omsyn til haldeplassen for buss som ligg i krysset. Samferdselsavdelinga vil minne om at «Rammeplan for avkjørslar og byggegrenser 2017-2020» er retningsgivande i reguleringsplanar som omhandlar fylkesveg.

Strandsone

Det blir lagt opp til grøn buffersone mot sjø som vil redusera verknaden mot sjø. Planområdet inngår i nyleg vedtatt strandsoneplan for Osterøy kommune. Framtidsretta forvaltning av strandsona er av både nasjonal og regional interesse. Kommunen har gjort ein funksjonell strandsoneanalyse på tidlegare tidspunkt, i samband med utarbeiding av kommunedelplan for sjø- og strandsone. Vi legg til grunn at planarbeidet er i tråd med anbefalingar i den funksjonelle strandsoneanalysa og føresegn i kommunedelplanen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på klimatilpassing og tryggleik, strandsone, landskap og arkitektur, kulturminner og kulturmiljø og samferdsle.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Helene Moe, Fylkeskonservatoren, avdeling for kultur og idrett

Jostein Aksdal, Fylkeskonservatoren, avdeling for kultur og idrett

David Sandved, Fylkeskonservatoren, avdeling for kultur og idrett

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Sasmferdsleavdelinga

Kopi til:

OSTERØY KOMMUNE

Asplan Viak AS
Pb. 2304 Solheimsviken
5824 Bergen

Att.: Anna Wathne

03.januar 2019

kunngjoring_bergen@asplanviak.no

Svar på varsel om oppstart av planarbeid Saltverket næringsområde – Fotlandsvåg, planID 12532018001

Visar til kunngjering om oppstart av planarbeid Dykkar ref: 618743-01, Saltverket næringsområde – Fotlandsvåg, planID 12532018001.

Sjøtroll Havbruk eig naboeigedomen til dette planområdet, dette gjeld Gnr.95 Bnr.35 og 38. Her driv Sjøtroll akvakulturverksemd på land, ved klekking og produksjon av yngel av regnbogeare og med moglegheit til oppbevaring av stamfisk i kar på land. Til denne produksjonen nyttar ein ferskvatn, som kjem gjennom to leidningar ut Fotlandsvåg til Saltverket. I tillegg ligg der også avløpsleidningar ut frå Saltverket og ut fjorden.

Inntaksleidningane til anlegget ligg nærme plangrensa i oppstartsmeldinga, derfor sender me vedlagt kart over inntaksleidninga til Sjøtroll Havbruk avd. Saltverket slik at ein kan ta omsyn til dette i det vidare arbeidet, spesielt ved evt. sprenging eller utfylling i sjø.

Det er også viktig at Sjøtroll er sikra tilkomst til sin eigedom med store køyretøy, da yngelen vert levert til setjefiskanlegga med tankbil.

Er det spørsmål i saken, vær venleg ta kontakt med underteikna.

Vedlegg

Med venleg helsing



Nils Arve Eidsheim
Samfunnskontakt
Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS

LERØY VEST AS

Skipavika 54
N-5397 Bekkjarvik
Norway


Phone + 47 91 91 18 00
Email firmapost@sjotroll.no
Org. nr: 886 813 082

SJØTROLL HAVBRUK AS

Skipavika 54
N-5397 Bekkjarvik
Norway

Phone + 47 91 91 18 00
firmapost@sjotroll.no
Org. nr: 929 363 833

leroyseafood.com



From: [Thomas Bjørkeland](#)
To: [Jostein Aksdal](#)
Cc: [Kunngjøring Bergen](#); [Anna Wathne](#)
Subject: Vedr. Varsel om start av planarbeid - detaljregulering Saltverket næringsområde, Fotlandsvåg Osterøy kommune. Forholdet til marine kulturminne.
Date: torsdag 10. januar 2019 09.49.01

Vedr. Varsel om start av planarbeid - detaljregulering Saltverket næringsområde, Fotlandsvåg Osterøy kommune, 2018/17089-3. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke frå Hordaland fylkeskommune, 11.12.2018. Me beklagar seint fråsegn grunna stor saksmengde.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne ved Fotlandsvågen, gbnr. 95/5 og 95/38 i Osterøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Området i sjø er avgrensa.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing

for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland
Marinarkeolog
55549611
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no

Fra: berntyss

Sendt: lørdag 5. januar 2019 kl. 18:52

Til: kunngjoringbergen@asplanviak.no

Emne: Saltverket næringsområde - Fotlandsvåg, planID 12532018001

Att: Anna Wathne

Merknad:

Adkomst til gnr. 95, bnr. 2 sin eiendom på nedsiden av Osterøyvegen, skal ifølge utskifting av 21. februar 1923, gå som kjøreveg fra fylkesveg, over gnr. 95, bnr.5. Den går videre på nedsiden av eksisterende trafokiosk.

Dette må tas hensyn til ved regulering av gnr. 95, bnr. 5.

Trafokioskens tilstand tilsier at den bør rives.

Haus 05.01.2019

For eierne av gnr. 95, bnr. 2

Laila Sigfrid Tysse
Laila Sigfrid Tysse

Fra: postmaster@asplanviak.no
Sendt: lørdag 5. januar 2019 kl. 18:52
Til: berntyss@online.no
Emne: Undeliverable: Saltverket næringsområde - Fotlandsvåg, planID 12532018001

Delivery has failed to these recipients or groups:

kunngjoringbergen@asplanviak.no (kunngjoringbergen@asplanviak.no)

The email address you entered couldn't be found. Please check the recipient's email address and try to resend the message. If the problem continues, please contact your email admin.

Diagnostic information for administrators:

Generating server: av-exch16.asplanviak.no

kunngjoringbergen@asplanviak.no

Remote Server returned '550 5.1.10 RESOLVER.ADR.RecipientNotFound; Recipient not found by SMTP address lookup'

Original message headers:

Received: from av-exch16.asplanviak.no (172.20.1.45) by av-exch16.asplanviak.no (172.20.1.45) with Microsoft SMTP Server (version=TLS1_2, cipher=TLS_ECDHE_RSA_WITH_AES_128_CBC_SHA256_P256) id 15.1.1034.26; Sat, 5 Jan 2019 18:52:53 +0100
Received: from EUR02-AM5-obe.outbound.protection.outlook.com (104.47.4.56) by av-exch16.asplanviak.no (172.20.1.45) with Microsoft SMTP Server (version=TLS1_2, cipher=TLS_ECDHE_RSA_WITH_AES_128_CBC_SHA256_P256) id 15.1.1034.26 via Frontend Transport; Sat, 5 Jan 2019 18:52:53 +0100
Received: from DB6PR0501CA0031.eurprd05.prod.outlook.com (2603:10a6:4:67::17) by HE1PR0501MB2409.eurprd05.prod.outlook.com (2603:10a6:3:6b::15) with Microsoft SMTP Server (version=TLS1_2, cipher=TLS_ECDHE_RSA_WITH_AES_256_GCM_SHA384) id 15.20.1495.9; Sat, 5 Jan 2019 17:52:51 +0000
Received: from VE1EUR02FT005.eop-EUR02.prod.protection.outlook.com (2a01:111:f400:7e06::205) by DB6PR0501CA0031.outlook.office365.com (2603:10a6:4:67::17) with Microsoft SMTP Server (version=TLS1_2, cipher=TLS_ECDHE_RSA_WITH_AES_256_CBC_SHA384) id 15.20.1495.6 via Frontend Transport; Sat, 5 Jan 2019 17:52:50 +0000
Authentication-Results: spf=pass (sender IP is 148.123.160.200) smtp.mailfrom=online.no; asplanviak.no; dkim=none (message not signed) header.d=none;asplanviak.no; dmarc=bestguesspass action=none header.from=online.no;compauth=pass reason=109
Received-SPF: Pass (protection.outlook.com: domain of online.no designates 148.123.160.200 as permitted sender) receiver=protection.outlook.com;